



# Områdereguleringsplan for Vaset sentrum

## Innhald

<b>1. FELLESFØRESEGNER FOR HEILE PLANOMRÅDET (§ 12-7 NR. 4 OG 6) .....</b>	<b>2</b>
1.1. Ved funn av automatisk freda kulturminne.....	2
1.2. Etablering av teknisk infrastruktur.....	2
1.3. Terrengendringar.....	2
1.4. Universell utforming.....	2
1.5. Tilkoplingsplikt til kommunalt vatn- og avløpsnett.....	2
1.6. Vassbåren fjernvarme .....	2
1.7. Brannberedskap.....	3
1.8. Vassdrag og overvatn .....	3
<b>2. FØRESEGNER TIL AREALFØREMÅL.....</b>	<b>3</b>
2.1. Bebyggelse og anlegg (§12-5 nr. 1).....	3
2.1.1. Fellesføresegner .....	3
2.1.2. Område for bustader (B1 og T1-T18).....	5
2.1.3. Område for forretningar (F1-F7).....	5
2.1.4. Område for hotell/overnatting (C/N/H) .....	6
2.1.5. Område for skiløypetrasear .....	7
2.1.6. Område for nærmiljøanlegg (NM1) .....	7
2.1.7. Område for fjernvarmeanlegg (E1).....	7
2.1.8. Område for kombinert bebyggelse og anleggsføremål.....	7
2.1.9. Område for bustad/forretning (B/N1-B/N4).....	8
2.1.10. Område for industri/lager (L1) .....	8
2.2. Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (§12-5 nr. 2).....	9
2.2.1. Køyreveg .....	9
2.2.2. Parkering (P1 og P2) .....	9
2.3. Grønstruktur (§12-5 nr. 3) .....	9
2.3.1. Friområde.....	9
2.3.2. Turveg.....	9
2.4. Landbruks- natur og friluftsområde (§12-5 nr. 5).....	9
2.4.1. Friluftsføremål .....	9
2.5. Område for bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§12-5 nr. 6) ...	9
<b>3. HENSYNSSONER (§12-6, JF. 11-8 A) .....</b>	<b>10</b>
3.1. Sikringssoner .....	10
3.2. Faresone - flaumfare .....	10
3.2.1. Sone F_320_1.....	10

3.2.2. Sone F_320_2 .....	10
3.3. Infrastruktursoner.....	10
3.3.1. Sone 410 .....	10
3.3.2. Sone 430 .....	10
<b>4. BESTEMMELSESSONER (PBL § 12-7) .....</b>	<b>11</b>
<b>5. FIGURAR.....</b>	<b>12</b>

---

## **1. Fellesføresegner for heile planområdet (§ 12-7 nr. 4 og 6)**

---

### **1.1. Ved funn av automatisk freda kulturminne**

Dersom det blir oppdaga automatisk freda kulturminne ved tiltak i marka, skal arbeidet straks stans og kulturavdelinga i Innlandet fylkeskommune skal varslast.

### **1.2. Etablering av teknisk infrastruktur**

Det er tillate å etablere teknisk infrastruktur i bakken innan alle arealbruksformål.

### **1.3. Terrengendringar**

Terrengendringar i form av fyllingar og skjæringar og sår i samband med bygge- og anleggsverksemd skal dekkast og såast til slik at det får ein naturleg utsjånad. Skjæringar og fyllingar med lausmasser skal ikkje vere brattare enn 1:1,5.

### **1.4. Universell utforming**

Vegar, gangvegar, nærmiljøområde og bygg for forretningar, tenesteyting og bustader med uteopphaldsareal skal bli universelt utforma så langt det let seg gjere.

### **1.5. Tilkoplingsplikt til kommunalt vatn- og avløpsnett**

Alle bygg med innlagt vatn skal koplast til kommunalt vatn- og avløpsnett før nybygg eller tilbygg kan takast i bruk. Også eksisterande eigedommar med bygg som har etablert eller som etablerer utslepp pliktar å koble seg til det offentlege nettet både for vatn og avløp. Anneks med utslepp skal også koplast til det offentlege VA-nettet. Jf. pbl. §27-1 og 27-2, jfr. §30-6.

### **1.6. Vassbåren fjernvarme**

Denne føresegna blir gjeldande dersom fjernvarmeanlegg blir etablert og det blir etablert ledningsnett for fjernvarme inntil aktuell eigedom:

Alle bygg med storleik over 50 m<sup>2</sup> BRA og rom for varig opphald skal tilretteleggast for og koplast til vassbåren fjernvarme, slik at fjernvarmen kan nyttast rasjonelt som einaste oppvarmingskjelde. Unntak frå tilretteleggings- og tilkoplingsplikta kan gjerast etter ei konkret vurdering i samsvar med pbl § 27-5.

### 1.7. Brannberedskap

Vegnett og felles internvegar i byggeområde skal vere dimensjonert for utrykningskøyrety/stigebil mop. stigningstal, kurvatur, bæremne og snuplassar.

### 1.8. Vassdrag og overvatn

Tiltak i medhald av planen skal plasserast slik at vatn ikkje kan ta nye vegar. Alle rør og kulvertar og andre vassdragskryssingar må dimensjonerast for ein 200-års flom + klimapåslag, og utformast vassdragsteknisk tilfredsstillande for å hindre uønska hendingar.

## 2. Føresegner til arealføremål

---

### 2.1. Bebyggelse og anlegg (§12-5 nr. 1)

#### 2.1.1. Fellesføresegner

##### 2.1.1.1. [Minimumskrav til parkering](#)

Minimum følgjande tal parkeringsplassar skal til ei kvar tid vere opparbeidde innan kvart byggeområde, herav skal minimum 5% vere reservert forflytningshemma:

- For varehandel, kontor og servicefunksjonar:
  - 1 plass pr. 33 m<sup>2</sup> BRA.
- For serveringsstader:
  - 0,3 plassar pr. 1 sitteplass
- For leiligheiter
  - 1,2 parkeringsplassar pr. bueining mindre enn 65 m<sup>2</sup>. Herav skal 0,2 plass vere gjesteplass.
  - 1,5 parkeringsplassar pr. bueining 65 m<sup>2</sup> og større. Herav skal 0,2 plass vere gjesteplass.

Minimum 1 plass pr. bueining skal tinglysast på den enkelte bueining. Dei øvrige parkeringsplassane, herunder gjesteplassar og plassar reservert for forflytningshemma, kan etablerast som fellesareal.
- For einestader av fritidsbustader og bustader
  - 2 plassar pr. bueining.

Parkeringskravet kan også løysast gjennom samarbeidsavtaler med aktørar innan andre nærliggande byggeområde. Parkeringskravet kan reduserast dersom det blir inngått samarbeidsavtale mellom ulike verksemder med ulik opningstid eller ulik trafikkmengd på ulike tidspunkt; klokkeslett eller sesong.

Verksemder som ikkje høver til punkta ovanfor skal dokumentere parkeringsbehovet før byggeløyve kan gis.

Parkeringskravet må vere oppfylt før det blir gitt ferdigattest på bygg.

##### 2.1.1.2. [Maksimumskrav til parkering](#)

Det skal ikkje etablerast meir parkeringsplassar enn 150 % av minimumskrava med mindre behovet er dokumentert eller sannsynleggjort.

#### 2.1.1.3. [Sykkelparkering](#)

Krava som gjeld bilparkering gjeld også oppstillingsplass for sykkel, både når det gjeld antal plassar og vilkår elles. Krav om sykkelparkering gjeld berre i barmarksperioden. Det er tillate å nytte bilparkeringsplassar til dette, då vintersesongen er dimensjonerande for bilparkeringa. Krav om sykkelparkering gjeld ikkje verksemder med utelukkande storvarehandel og einebustader av fritidsbustader og bustader.

#### 2.1.1.4. [Byggegrenser](#)

Regulerte byggegrenser gjeld alle bygg. Dette gjeld også der det er angitt i føresegnene at byggegrensa går i føremålsgrensa. Der det ikkje er regulert byggegrenser gjeld plan- og bygningslova § 29-4, 2. ledd mot eigedoms- og formålsgrenser. Garasje og uthus med storleik inntil 40 m<sup>2</sup> kan plasserast inntil 2 m frå eigedoms- eller formålsgrense der byggegrense ikkje er omtala i planen.

#### 2.1.1.5. [Overvatn](#)

Overvatn frå tak og plassar skal handterast og fordrøyast lokalt, på kvar einskild eigedom. Plan for overvasshandtering skal vere del av rammesøknad.

#### 2.1.1.6. [Tilpassing til terreng](#)

Bygg skal tilpassast terrenget. Dersom eit bygg dekker ei flate med større høgdeskilnad enn 2 m, skal bygget trappast etter terrenget eller byggast med underetasje. Ved større høgdeskilnad enn 3 m, skal bygg alltid trappast etter terrenget. Bortsett frå i flaumsonen mot elva (faresone F\_320\_1) er terrengendringar større enn 2 meter ikkje tillate.

#### 2.1.1.7. [Gjerde](#)

Det er spesifisert i kvart underpunkt kvar inngjerding er tillate. Elles er oppføring av gjerde forbudt med mindre føremålet er skjerming mot veg, skiløype, gangveg, tursti eller friområde. Gjerde skal vere av tre; stakitt eller skigard.

#### 2.1.1.8. [Eksteriør på bygg og farger](#)

- a. Bygg og anlegg skal tilpassast terreng og eksisterande lokalt bygningsmiljø.
- b. Veggflater: Tre skal vere hovudbestanddelen i utvendige veggflater. Ved overflatebehandling skal ein nytte farger som vist i fargekartet i fig. 2 nederst i føresegnene. Fargekartet gjeld også vindskier og omramming.
- c. Tak: Bygningar skal ha saltak med takvinkel mellom 22° og 30°. Taktekinga skal vere torv, tre, skifer eller shingel/papp med fargeverknad som skifer. Tretak skal ikkje påførast farge. På større forretningsbygg kan annan takvinkel og anna tekkemateriale vurderast gjennom dispensasjon eller reguleringsendring.
- d. Grunnmur: Grunnmurar skal ikkje påførast farge

#### 2.1.1.9. [Uteoppfallsareal](#)

I bustadområda og i kombinerte føremål der det blir ført opp eller omdisponert bygg til bustadføremål er det krav til minste uteoppfallsareal (MUA). Kvar bustadeining skal ha minimum 25

m<sup>2</sup> MUA og skal vere opparbeida før det kan gis ferdigattest. Uteopphaldsareal kan vere felles for fleire einingar. Plassering av uteopphaldsareal skal gå fram av søknad.

#### [2.1.1.10. Ved forbod mot nybygg til føremål fritidsbustad](#)

Der det er oppgitt at tilbygg og nybygg til eksisterande fritidsbustader ikkje er tillate, er det heller ikkje tillate å gjenoppbygge bygg med føremål fritidsbustad eller uthusfunksjonar til dette etter eventuell skade eller brann.

#### **2.1.2. Område for bustader (B1 og T1-T18)**

Områda er byggeområde for bustader for fastbuande.

- a. Utnyttingsgraden er 50 %-BYA inkl. evt. utandørs parkering.
- b. Maksimal mønehøgde er 7,5 m over planert terreng.
- c. Inngjerding av tomtene er tillate. Gjerde skal vere tregjerde; stakitt eller skigard.

##### [2.1.2.1. B1](#)

- a. B1 er regulert til konsentrert småhusbebyggelse. Det er krav om rammesøknad og det gis ikkje byggeløyve for mindre enn fire bueiningar.
- b. Det gis ikkje ferdigattest eller mellombels bruksløyve innan B1 før det er etablert tilkomst via V4, nærmiljøområdet NM1 er etablert og trase for regulert skiløype S4, S5 og S6 er etablert.
- c. B1 kan delast i inntil tre einingar.

##### [2.1.2.2. T1-T18](#)

- a. T1-T18 er regulert til frittliggande småhusbebyggelse. Det er likevel tillate å etablere fleire bueiningar på kvar tomt
- b. Det gis ikkje ferdigattest eller mellombels bruksløyve innan T1-T18 før det er etablert tilkomst til aktuell eigedom via regulerte vegar, V5 og V6 er etablert til eksisterande hytter, eksisterande veg til hyttene er stengt og trase for regulert skiløype S4, S5 og S6 er etablert.
- c. Det gis ikkje løyve til ferdigattest for meir enn fem brukseiningar innan området før nærmiljøområdet NM1 er etablert.
- d. T15-T18 skal ikkje frådelast og bebyggast før minimum ti av einingane i T1-T14 er etablerte eller det er gitt byggeløyve for fire einingar i B1. Dette kravet gjeld ikkje dersom den dyrka marka der T15-T18 ligg har gått ut av bruk.

#### **2.1.3. Område for forretningar (F1-F7)**

- a. Innan områda kan det førast opp forretningsbygg med føremål varehandel, tenesteyting eller serveringsverksemd. I alle bygg skal minimum første etasje ha slike føremål. I andre etasjar kan det etablerast leiligheiter for fastbuande, fritidsbustader eller for utleige.
- b. Der det ikkje er oppgitt byggegrens i plankartet går byggegrensa i føremålsgrensa.
- c. **F3:** Før det kan gis byggeløyve innan F3 skal det føreligge illustrasjonsplan for heile delområdet. Illustrasjonsplanen skal vise omsøkte og framtidige bygg, vegtilkomst og parkering, gangtilkomst, sykkelparkering og varelevering. Ved leilighetsutbygging skal uteopphaldsareal gå fram av illustrasjonsplanen.

- d. F3: Før det kan gis byggeløyve innan F3 skal gangveg langs elva vere etablert
- e. F4: Før det kan gis byggeløyve innan F4 skal vegen V2 og turveg langs elva forbi F4 vere etablert og Knippesetvegen med fortau vere lagt om slik planen viser.

#### 2.1.3.1. Terrengheving, utnyttingsgrad og høgd i F1-F6

Utnyttingsgraden er %-BYA=80 inkl. evt. utandørs parkering

Maksimal gesimshøgde er 9 m og maksimal mønehøgd er 12 m over planert terreng. Terrenget der bygg skal plasserast kan hevast til 0,5 m over berekna flaumvasstand, jf. fig. 1 nederst i føresegnene. Det er tillate med større terrenghevingar utanom der bygg skal plasserast for å skape variasjon i terrenget.

#### 2.1.3.2. Terrengheving, utnyttingsgrad og høgd i F7

Utnyttingsgraden er %-BYA=50 inkl. evt. utandørs parkering. Maksimal mønehøgd er 7,5 m men mønehøgda kan ikkje overstige kote 810.

#### 2.1.3.3. Tilbygg til eksisterande fritidsbustader

Tilbygg og nybygg til eksisterande fritidsbustader er ikkje tillate innan områda for forretning.

### **2.1.4. Område for hotell/overnatting (C/N/H)**

#### 2.1.4.1. Fellesføresegner

- a. Føremålet med området er overnattingsverksemd. Det er tillate å vidareutvikle området som campingplass, føre opp bygg for utleige til overnattingsverksemd eller å etablere hotell. Området skal ha høg utnytting. Området skal nyttast til næring.
- b. Utnyttingsgraden er %-BYA=80 inkl. evt. utandørs parkering
- c. Frådelingar er ikkje tillate.
- d. Inngjerding av området med tregjerde; stakitt eller skigard, er tillate.
- e. Ved eksisterande fritidsbustader er tilbygg og nybygg til føremål fritidsbustad ikkje tillate.

#### 2.1.4.2. Føresegner ved fortsatt bruk som campingplass

- a. Området kan nyttast til oppstilling av campingvogner, eventuelt med spikertelt, i samsvar med gjeldande sentral forskrift.
- b. Spikertelt skal kunne flyttast og skal ikkje ha grunnmur. Nye spikertelt treng ikkje byggemeldast, det gis eit generelt løyve til oppføring av slike byggverk føreset at gjeldande forskrifter blir fulgt-
- c. Det er tillate å føre opp servicebygg knytt til campingplassen. Maksimal storleik er 800 m<sup>2</sup> BRA og maksimal gesimshøgde er 9 m og maksimal mønehøgd er 12 m over planert og eksisterande terreng.

#### 2.1.4.3. Føresegner ved omdisponering til hotell eller annan overnattingsverksemd

Før oppføring av bygg for utleige eller hotell er det krav om detaljreguleringsplan. Utnyttingsgrad og høgder skal gå fram av detaljreguleringsplanen. Ein vil i dette området kunne vurdere høgder godt over 12 m.

#### **2.1.5. Område for skiløypetrasear**

Områda kan drenerast og planerast for tidlegløype – standard. Inntil 1,5 m breidd kan også grusast opp til bruk som gang- og sykkelveggar sommarstid. Eksisterande bru over elva kan utvidast til yttergrensene av S2.

#### **2.1.6. Område for nærmiljøanlegg (NM1)**

I området skal det etablerast nærmiljøanlegg med leikeapparat, ballbinge mv. Plassen skal tilretteleggast for variert leik og opphald som til dømes balleik og aking.

#### **2.1.7. Område for fjernvarmeanlegg (E1)**

Innan området kan det etablerast fjernvarmeanlegg for varmforsyning til Vaset. Mot friluftsområdet ved elva går byggegrensa i føremålgrensa. Inngjerding av området med tregjerde; stakitt eller skigard, er tillate. Utnyttingsgraden er %-BYA=80 inkl. evt. utandørs parkering. Maksimal mønehøgd er 7,5 m.

#### **2.1.8. Område for kombinert bebyggelse og anleggsføremål**

##### 2.1.8.1. Fritidsbustad/utleigehytter (F/U1-F/U2)

- a. Områda er eksisterande fritidsbustader som også kan nyttast til eller konverterast til overnattingsverksemd i form av utleigehytter eller leiligheiter.
- b. Utnyttingsgraden er %-BYA=40 inkl. evt. utandørs parkering
- c. Maksimal mønehøgd er 7,5 m.
- d. Mot friluftsområdet ved elva går byggegrensa i føremålgrensa.
- e. Inngjerding av inntil 500 m<sup>2</sup> + tillaten utnytting er tillate på kvar tomt. Gjerde skal vere tregjerde; stakitt eller skigard. Melding om tiltaket med situasjonskart skal oversendast kommunen.

##### 2.1.8.2. Fritidsbustad/bustad (F/B1-F/B2)

- a. Områda er eksisterande fritidsbustader som også kan nyttast til eller konverterast til heilårs bustad.
- b. Ved bruk som fritidsbustad er utnyttingsgraden %-BYA=15 inkl. evt. utandørs parkering. Ved omdisponering til bustad blir utnyttingsgraden %-BYA=50 inkl. evt. utandørs parkering. Eigedomen kan ikkje omdisponerast tilbake til fritidsbustad.
- c. Maksimal mønehøgd er 7,5 m.
- d. *Ein ynskjer at regulert skiløype ved F/B1 ikkje skal kryssast av veg.* Det gis ikkje løyve til tilbygg eller nybygg innan F/B1 før det er etablert tilkomst via veg V5 og eksisterande veg er stengt. Det gis ikkje løyve til tilbygg eller nybygg innan F/B2 før det er etablert tilkomst via veg V6 og V8 og eksisterande veg er stengt.
- e. Inngjerding av tomtene er tillate. Gjerde skal vere tregjerde; stakitt eller skigard.

### 2.1.8.3. Fritidsbustad/bustad/utleiehytter (F/B/N1)

- a. Området er eksisterende fritidsbustad som også kan nyttast til eller konverterast til heilårs bustad eller overnattingsverksemd i form av utleiehytter eller leiligheiter.
- b. Ved bruk som fritidsbustad er utnyttingsgraden %-BYA=15 inkl. evt. utandørs parkering. Ved omdisponering til bustad eller utleieverksemd blir utnyttingsgraden %-BYA=30 inkl. evt. utandørs parkering. Egedomen kan ikkje omdisponerast tilbake til fritidsbustad.
- c. Maksimal mønehøgde er 7,5 m men mønehøgda kan ikkje overstige kote 813.
- d. Inngjerding er tillate. Gjerde skal vere tregjerde; stakitt eller skigard.

### 2.1.9. **Område for bustad/forretning (B/N1-B/N4)**

Ved eksisterende fritidsbustader i områda er tilbygg og nybygg til føremål fritidsbustad ikkje tillate.

#### 2.1.9.1. B/N1-B/N3

- a. Innan områda kan det først opp heilårs bustader, bygg for overnattingsverksemd eller forretningsbygg med føremål varehandel, tenesteyting eller serveringsverksemd. Leiligheiter til fritidsbustader er også tillate i bygg med næringsføremål i 1. etasje.
- b. Utnyttingsgraden er %-BYA=80 inkl. evt. utandørs parkering
- c. Maksimal gesimshøgde er 9 m og maksimal mønehøgde er 12 m over planert terreng.
- d. Før det kan gis ferdigattest for bygg innan områda skal regulert «Friområde» vere opparbeidd.
- e. B/N1: Før det kan gis byggeløyve innan B/N1 skal det føreligge illustrasjonsplan for heile delområdet. Illustrasjonsplanen skal vise omsøkte og framtidige bygg, vegtilkomst og parkering, gangtilkomst, evt. sykkelparkering og varelevering. Uteoppfallsareal skal gå fram av illustrasjonsplanen.
- f. B/N1: Før det kan gis byggeløyve innan B/N1 skal Knippesetvegen med fortau vere lagt om slik planen viser.
- g. B/N3: Terrenget der bygg skal plasserast kan hevast til 0,5 m over berekna flaumvasstand, jf. fig. 1 nederst i føresegnene.
- h. B/N3: Det gis ikkje løyve til tilbygg eller nybygg før vegen V2, turveg langs elva og trase for skiløype forbi B/N3 er etablert.

#### 2.1.9.2. B/N4

- a. Innan området kan det først opp heilårs bustader, bygg for overnattingsverksemd eller forretningsbygg med føremål varehandel, tenesteyting eller serveringsverksemd.
- b. Utnyttingsgraden er %-BYA=50 inkl. evt. utandørs parkering
- c. Maksimal mønehøgde er 7,5 m.

### 2.1.10. **Område for industri/lager (L1)**

Innan området kan det først opp bygg for lager eller småskala industriproduksjon. Utnyttingsgraden er %-BYA=50 inkl. evt. utandørs parkering. Maksimal gesimshøgde er 6 m og maksimal mønehøgde er 9 m over eksisterende og planert terreng. Inngjerding av området med tregjerde; stakitt eller skigard, er tillate.

## 2.2. Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (§12-5 nr. 2)


### 2.2.1. Køyreveg

Regulert vegareal omfattar køyrebane, skulder og grøfter. Vegane skal ha stigningstilhøve og breidder som sikrar god trafikkflyt i området.

### 2.2.2. Parkering (P1 og P2)

Områda kan anleggjast som parkeringsplassar.

Plassane skal opparbeidast arealeffektivt, der hovudprinsippet skal vere køyreareal i midten og parkering i rett vinkel på køyrearealet ut til både sider, jf. skisse til høgre.



#### 2.2.2.1. P2

Det skal anleggjast nytt bekkeløp samstundes eller før område P2 blir opparbeidd. Bekkeløpet skal dimensjonerast for 200-årsflaum med 20% klimapåslag og skal leggjast i område regulert til overvasstiltak.

## 2.3. Grønstruktur (§12-5 nr. 3)

### 2.3.1. Friområde

Området skal opparbeidast med rydding av vegetasjon, enkel planering og etablering av td. benkar og leikeapparat.

### 2.3.2. Turveg

Turvegane kan grusast opp og tilretteleggast for ferdsle med barnevogn og rullestol. Bru over elva skal dimensjonerast med tilstrekkeleg fundament og lysopning for 200-årsflaum med klimapåslag.

## 2.4. Landbruks- natur og friluftsområde (§12-5 nr. 5)

### 2.4.1. Friluftsføremål

Friluftsføremåla er ma. kantsone mot vassdraga i området. Kantsoner mot vassdraga skal etablerast/oppretthaldast som eit naturleg vegetasjonsbelte for å motvirke avrenning og gi levestad for planter og dyr, jf. vannressursloven. Det kan etablerast opningar i vegetasjonen for å sikre tilgang til vassdraga.

## 2.5. Område for bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§12-5 nr. 6)

Tiltak i desse områda kan ikkje skje utan at tiltaka er omsøkt og behandla av fylkeskommunen etter lakse- og innlandsfiskeleva. Dette gjeld også eventuelle flaumsikringstiltak som berører desse områda.

## 3. Hensynssoner (§12-6, jf. 11-8 a)

---

### 3.1. Sikringssoner

Frisiktsoner på 6\*72 m er vist i plankartet. Innan frisktsonene er sikthindringar høgare enn 0,5 m over kjørebanelnivå ikkje tillate. Enkeltstående tre eller stolpar med diameter mindre enn 15 cm kan tillatast.

### 3.2. Faresone - flaumfare

#### 3.2.1. Sone F\_320\_1

Sonen er faresone flaum mot Vasetvatnet og Vasetåne.

Før den kan gis igangsetjingsløyve for bygg innan faresonen skal området vere sikra mot flaum slik det går fram av kap. 4.2 i flaumvurderingsrapporten til planen «Flomvurdering og sikringstiltak», Norconsult, 2020-08-31 (arkivsak 20/425, journalpostID 20/4671 i Vestre Slidre kommune ([https://www.vestre-slidre.kommune.no/innsyn.aspx?response=journalpost\\_detaljer&journalpostid=2020004671&scripturi=/innsyn.aspx&skin=infolink&Mid1=1499&](https://www.vestre-slidre.kommune.no/innsyn.aspx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2020004671&scripturi=/innsyn.aspx&skin=infolink&Mid1=1499&))). Sikringstiltaka skal anten vere flaumvoll mot elva eller heving av terrenget. Dersom det ikkje blir etablert godkjent flaumvoll mot elva, skal eventuelle kjellarar som ligg lågare enn berekna flaumvasstand sikrast mot flaum og topp grunnmur skal ligge minimum 0,5 m over berekna flaumvasstand, jf. fig. 1 nederst i føresegnene. Eventuell flaumvoll som berører vassdraget må behandlast etter lakse- og innlandsfiskelova, jf. føresegnene til område for bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone.

#### 3.2.2. Sone F\_320\_2

Sonene er buffer mot Båtåne. Bygging kan ikkje skje i sonene utan at det er gjennomført flaumfareanalyse.

### 3.3. Infrastruktursoner

#### 3.3.1. Sone 410

Infrastruktursoner 410 (hensynssonenamn I\_410) markerer eksisterande og planlagt ledningsnett i bakken. Det kan ikkje plasserast bygg eller bygningsmessige installasjonar innan sonene.

#### 3.3.2. Sone 430

Infrastruktursoner 430 (hensynssonenamn I\_430) markerer flaumvegar som eksisterer eller skal opparbeidast. Flaumvegane skal dimensjonert for 200-årsflaum med 20% klimapåslag. I følgjande område kan det ikkje gis ferdigattest før flaumveg, både inntil området og tilstrekkeleg oppstrøms, er ivareteke: F6, F7, B/N4, L1, F/B1, T2, T12 og T14.

Ved parkeringsplass P2, vegane Knippesetvegen, Panoramavegen, Båtånvegen, V5, V6 og skiløypene S1, S3 og S5 skal dimensjonering av flaumvegar og/eller stikkrenner gå fram i byggesøknad.

#### **4. Bestemmelsessoner** (PBL § 12-7)

Bestemmelsessonene med nemningane #1 og #2 omfattar automatisk freda kulturminne med sikringssone. I bestemmelsesområde # 1 (ID 273797) kan ikkje tiltak skje innan bestemmelsesområdet før det er gjennomført arkeologisk gransking. Når gransking er gjennomført kan kulturminnet fjernast. I bestemmelsesområde # 2 (ID 30622) kan kulturminnet fjernast utan vilkår om vidare arkeologisk gransking.

## 5. Figurar




Fig. 1: Flomvasstand (200-årsflaum med klimapåslag) vist med turkis. Høgder av flomvasstanden som halvmeterskoter vist med blå linjer og blå påskrift.

Fargene vil ikke framstå korrekt på grunn av skanning



Fig. 2: Tillatne farger ved overflatebehandling av veggflater i tre. Også tilsvarende farger frå andre produsentar er tillatne.